

Meland Bondelag

Frekhaug 30/9 2014

V/styret

Meland kommune

Postboks 79

5906 FREKHAUG

Uttale – Høyring og offenleg ettersyn av kommuneplanens arealdel

Me viser til framlegg til ny arealdel av kommuneplanen 2014-2026. Meland bondelag er opptatt av å ta vare på dei ressursane som landbruket i Meland i dag nyttar. Ei viktig oppgåve er bla. å ta vare på fulldyrka mark.

I planen er det satt av eit område SE_1 til sentrumsformål på 240daa. Inkludert i dette areal er det ca 20 daa fulldyrka areal. Meland bondelag ynskjer å ta ut av planen det arealet som er fulldyrka.

Ved Sagstad skule/Fossemyra idrettsanlegg er det sett av eit område kalla T_2 Tenesteyting på 91 daa. 42 daa av dette området er fulldyrka areal. Sagstad skule har i dag ein tomt på ca 8,8 daa, sjå vedl.kart, av dette er det ca 2300kvm som er bebygd og 6500 kvm ute/leikeareal. Inkludert i utearealet er det ca 1700 kvm som ikkje er opparbeida og kun kan nyttast i "tørre" perioder. I tillegg kjem parkeringsplass på 1700 kvm merka som felt 1 på kartet. Fossemyra idrettsanlegg har i tillegg parkeringsplass på tils. 2700kvm, merka som felt 2 og 3 på vedl. kart

Mellom fv 244 og Fossemyra idrettsanlegg ligg gnr 24 bnr 10 med eit areal på ca 7000kvm, merka som felt 4 på vedlagt kart. Dette området ligg ikkje inne i T_2 i kommuneplanens arealdel. Ved å nytte dette arealet til parkering vil ein meir enn dobble dagens kapasitet og samstundes samle all parkering på rett side av fv 244. Ved bruk av felt 4 til parkering vil ein ikkje komme i konflikt med jordvern og kulturlandskapsomsyna i området.

Ved ei utbygging av Sagstad skule vil det vere mest naturleg å forlenge dagens bygg i retning av det gamle bassenget. Ved ei slik utbygging vil det vere trong for meir ute/leikeareal. Det kan ein løyse ved å overta gnr 24 bnr 12, merka av på vedl.kart som felt 5 samt å utvide litt mot sør. Meland bondelag meiner det er mogeleg å sikre areal til ei fornuftig utvikling av både Sagstad skule og Fossemyra idrettsanlegg utan å komme i konflikt med jordbruks interresene i området. I staden for sikre eit areal på 91 daa i dette området bør ein heller sette av eit område på Frekhaug/Mjåtveit til offentleg eller privat tenesteyting.

Ved Meland kyrkje er det sett av areal til grav og urnelund GU_1 på 15 daa. I gjeldane kommuneplan er det fortsatt ledig areal til utviding og Meland bondelag meiner at ein ikkje skal ta i bruk nytt areal før det gamle er fult utnytta. Det er viktig at ein ikkje tar i bruk fulldyrka areal fordi ein trur det vil gi økonomisk gevinst for utbyggar.

I kommuneplanenens arealdel er det merka av og registrert det som vert kalla Lnfr-areal, spreidde bustader – neverande der ein ikkje legg opp til bygging av nye boliger.I dagens landbruk vert det lagt opp til få og store brukseininger der leige av areal til slått og beite er vanlig.Det resulterer i at mange vert sitjande igjen med eldre bygningsmasse som treng vedlikehald utan at dei har inntekter frå jordbruket til finansiere dette.Resultatet vert som regel bygninger til nedfalls.Dagens ungdom har heilt andre krav til standard på bolig og skal ein få ein ny generasjon til å etablere seg må ein opne for å eventuelt bygge bolig nr to på bruket.Meland bondelag meiner det er viktigare å finne gode løysingar i desse områda enn å legge ut for mange nye område til spreidde bustader.

Meland kommune har som mål at bygdestrukturen skal takast vare på og Meland bondelag ynskjer at desse bygdene skal vere levande og velstellte.

Meland bondelag

v/leiar Helge Henanger